ÅRSMØTE I SA NAUSTDAL BÅTLAG 2026

Torsdag 26. mars 2026 kl. 19.00 på Kyrkjelydshuset i Naustdal

Sakliste

1. Godkjenne medlemmar med tale- og røysterett

Det er møtt fram personar på årsmøte.

Styret sitt framlegg:
Årsmøte godkjenner personar med tale- og stemmerett.

Vedtak:

2. Godkjenning av innkalling og sakliste

Styret sitt framlegg:
Årsmøte godkjenner innkallinga og sakliste til årsmøte.

Vedtak:

3. Val av ordstyrar

Styret sitt framlegg:
Årsmøte vel Daniel Stave til ordstyrar.

Vedtak:

4. Val av skrivar

Styret sitt framlegg:
Årsmøte vel Arnt Ole Ramsdal til skrivar.

Vedtak:

5. Val av to personar til å underskrive møteboka

Årsmøte valde:
1.:
2.:

6. Årsmelding

Styret viser til vedlagt årsmelding for 2025.

Styret sitt framlegg:
Årsmøte tek årsmeldinga for 2025 til vitande.

Vedtak:

7. Rekneskap

Styret viser til revidert rekneskap for 2025. Rekneskapet viser eit overskot på kr. 55.270 etter avskrivingar. Eigenkapitalen pr. 31.12.2025 er kr. 1.737.932. Samla likvide midlar i båtlaget er kr 908.694. Ved utgangen av perioda var samla gjeld kr 16.176. Revisjonsmeldinga vart opplesen i møtet.

Styret sitt framlegg:
Årsmøte godkjenner rekneskapen for 2025.

Vedtak:

8. Fastsetje medlemskontingenten

Styret tilrår at medlemskontingenten vert uendra på kr 350,- for 2025.

Styret sitt framlegg:
Årsmøte fastset medlemskontingenten for 2026 til kr. 350,-

Vedtak:

9. Fastsetje årleg avgift for 4m, 6m og 8m båtplass

Styret tilrår at årleg avgift vert uendra for 2026.

Styret sitt framlegg:
Årsmøte fastset årsavgifta for 2026 til:
4m båtplass kr. 1650,-
6m båtplass kr. 1750,-
8m båtplass kr. 1850,-

Vedtak:

10. Fastsetje eingongsinnskot for 4m, 6m og 8m båtplass

Konsumprisindeksen i 2025 har ifølgje Statistisk sentralbyrå (SSB) auka med 3,6%. Årsmøtet har kvart år justert eingongsinnskotet for båtplassane etter konsumprisindeksen til SSB.

Styret sitt framlegg:
Årsmøtet justerer eingongsinnskotet for 4m, 6m og 8m båtplass etter konsumprisindeksen til SSB på 3,6%. Endringa gjeld frå og med 01. april 2026 til årsmøte i mars 2027.
Etter dette vert eingongsinnskot på båtplassane slik:
4 m plass innskot kr. 33.816, justert innskot etter konsumprisindeks til kr. **35.022**
6 m plass innskot kr. 41.757, justert innskot etter konsumprisindeks til kr. **43.247**
8 m plass innskot kr. 51.046, justert innskot etter konsumprisindeks til kr. **52.867**

Vedtak:

11. Fastsetje timegodtgjersle for dugnad

Styret tilrår at timegodtgjersla for dugnad vert uendra for 2026.

Styret sitt framlegg:
Årsmøte fastset timegodtgjersle for dugnad i 2026 til kr. 100,-

Vedtak:

12. Asfaltering av område

Det er innmeldt sak om asfaltering av eit område i vestre hamn.
Vedlagt tilbod frå Asfalt & Forberedelser AS, der prisen for asfaltering av området er kr 396.375 inkl MVA.

Styret sitt framlegg:
Årsmøte vedtek å ikkje asfaltere området i vestre hamn.

Vedtak:

13. Investerings- og vedlikehaldsplan for Naustdal Båtlag for perioden 2026-2036

Til årsmøte i 2014 utarbeida styret ein investerings- og vedlikehaldsplan for perioden 2014-2017.
Planen skal rullerast kvart år og styret skal legge fram ein oppdatert plan til årsmøtet.
Vedlagt følgjer revidert investerings- og vedlikehaldsplan for perioden 2026-2036.

Styret sitt framlegg:
Årsmøte vedtek revidert investerings-, og vedlikehaldsplan for 2026-2036.

Vedtak:

14. Budsjett 2026

Styret viser til vedlagt driftsbudsjett for 2026.

Styret sitt framlegg:
Årsmøte vedtek styret sitt framlegg til driftsbudsjett for 2026.

Vedtak:

15. Val